

# Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Nr 2 – 2017

Årgang 47



# INNHALD

|                                         |      |
|-----------------------------------------|------|
| Andakt av Runar Matsui-Li               | s.3  |
| Nye fjes i kyrkjestaben                 | s.4  |
| Pinsetur til Hyllestad                  | s.6  |
| Samanslåing av fellesråd frå 1.1.2020   | s.8  |
| Tiltak for instrumenta i Tjugum kyrkje  | s.10 |
| Nytt frå Kvamsøy kyrkje                 | s.11 |
| Konfirmantfesten 2017                   | s.11 |
| Nye klokkarar                           | s.12 |
| Uttale om situasjonen for konvertittar  | s.12 |
| Hjartestartar på Tjugum                 | s.12 |
| Ny misjonsavtale med NMS -              |      |
| innkalling til soknemøte                | s.13 |
| Gir misjon endring?                     | s.14 |
| Vårdugnader på kyrkjegardane            | s.16 |
| Bedehuset i Holmen                      | s.17 |
| Torild samlar på kyrkjer                | s.19 |
| Annonser                                | s.20 |
| I glede og sorg – døde, vigde og døypte | s.21 |
| Barnas side                             | s.22 |
| Konfirmantside                          | s.23 |
| Gudstenesteplan                         | s.24 |

## Kyrkjelydsbladet for Balestrand

Utgjeve av Balestrand sokneråd  
Nr 2 - 2017 - 47.årgang

### Redaksjonsutval

Helge Eilifsen, Kjell Helland og  
Jostein Risa (kyrkjevevje)

### Abonnement

Normalt tre utgjevingar i året (vår, sommar/haust, jul)  
Fulldistribusjon i kommunen i tillegg til ikring 80  
utanbygds abonnentar.  
Bladpengar: kr.200 per år (friviljug) til konto:  
3805.10.32583.

### Trykk / oppsett

Ingvald Husabø Prenteverk, Leikanger

### Annonser

Små annonser kr.400, store annonser kr.750.  
Heilside etter avtale.

### Framsidedfoto:

*St. Olavs kyrkje fylt med lys og liv ein klar haustkveld: Ung  
Messe fredag 15.september 2017.  
Foto: Helge Eilifsen*



## DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokneråd

## KONTAKTINFORMASJON

### Balestrand kyrkjekontor

Kjerneopningstid:  
Tysdag-fredag kl. 10 - 14  
Sjøtunsvegen 6, 6899 BALESTRAND  
Telefon: 57 69 15 48  
E-post: kontor@balestrand.kyrkja.no  
Heimeside: www.balestrand.kyrkja.no

### Sokneprest Vegard Bondevik Lie

(Leikanger/Norum) har ansvar for prestetenesta i  
Balestrand medan presten er sjukemeld.  
Ring for avtale.  
Mobiltelefon: 906 19 080  
E-post: sokneprest@balestrand.kyrkja.no  
(vert vidaresend til Lie)

### Kyrkjevevje/dagleg leiar Jostein Risa

(80 % stilling)  
Telefon kontor: 57 69 15 48  
Mobiltelefon: 920 60 832  
E-post: kyrkjevevje@balestrand.kyrkja.no

### Organist Ole Agnar Helland

(30 % stilling)  
Mobiltelefon: 984 16 333  
E-post: organist@balestrand.kyrkja.no

### Diakonimedarbeidar Louise Nilsson

12 % stilling (Kafé Møteplassen)  
Mobiltelefon: 901 15 667  
E-post: diakon@balestrand.kyrkja.no

### Kyrkjelydspedagog Magni Åm Risa

(25 % stilling)  
Mobiltelefon: 466 97 476  
E-post: klped@balestrand.kyrkja.no

### Kyrkjetenar Fisseha Weldeyohannes Andemichael

(25 % stilling)  
Mobiltelefon: 450 27 235  
E-post: kyrkjetenar@balestrand.kyrkja.no

### Leiar i Balestrand sokneråd Helge Ulvestad

Mobiltelefon: 971 06 001  
E-post: helge.ulvestad@online.no

### Vakttelefon Sogn prosti: 954 83 374

Her finn du oppdatert gudstenesteinformasjon,  
konfirmantinformasjon, skjema for innmelding av  
dåp og vigsel, kyrkjegardsføresegner. Vidare kan  
du søkje etter gravlagde på kyrkjegarden, laste ned  
årsrapport, dette bladet i pdf-format osv.

### Heimeside: balestrand.kyrkja.no

Her finn du oppdatert gudstenesteinformasjon,  
konfirmantinformasjon, skjema for innmelding av  
dåp og vigsel, kyrkjegardsføresegner. Vidare kan  
du søkje etter gravlagde på kyrkjegarden, laste ned  
årsrapport, dette bladet i pdf-format osv.




## Høstens påskedag

Vi har hatt fine dager i september, men dagene blir kortere og vi merker det går mot høst og vinter. Søndag 1.oktober feiret vi høstens påskedag, men egentlig feirer vi oppstandelsen hver eneste søndag året gjennom. Ja, erfarer vi det ikke selv; hver eneste morgen vi våkner er det egentlig en oppstandelse hvor vi møtes av Guds godhet og nåde.

Apostelen Johannes forteller en historie om søstrene Marta og Maria. Jesus var en stamgjest i denne familien. De hadde en bror som hette Lasarus. En dag ble han syk. Søstrene sendte bud etter Jesus, da de hadde både sett og hørt om tilfeller der han hadde helbredet syke fra sykdommer ingen leger kunne hjelpe med. Men han kom ikke, og Lasarus døde, ja, Jesus kom ikke engang til begravelsen. Først etter fire dager kom han. Og Marta utbryter: «Herre, hadde du vore her, så hadde ikkje bror min døydd.»

Vi føler oss avmektige når lege og medisin ikke kan hjelpe, vi kjenner på en ekstra fortvilelse når ikke en gang en allmektig Gud griper inn. Da stiger harmen opp sammen med sorgen og fortvilelsen, som hos søstrene i bibelfortellingen eller andre som rammes av slikt som Gud kunne avverge. Selv de sterkest troende og de mest vellykkede rammes. Forvirring, sorg og fortvilelse, og veien er kort til at troen på Gud brister. Når vi klager vår nød, følger anklagen hakk i hel; Herre, hadde du vært her, var ikke broren min død, slik Marta formulerte det.

Det er mange det som har rast mot Gud, latt steiner hagle inn i skogen med anklager mot Gud om at han kunne ha forhindret dette. Hvor var du Gud da spedbar-net døde, da ungdommen tok overdose, da selvmordster-rorister sprenget seg i folkemengder? Du kunne ha vært der og avverget drap, slik at foreldre og søsken hadde sluppet å følge sine til graven.



*Illustrasjon: I. Davezelenka*

Men Gud gjorde det ikke, like lite som Jesus skyndte seg til landsbyen hvor søstrene mistet sin bror og i stedet måtte klage til Han. «Herre, hadde du vore her, så hadde ikkje bror min døydd.»

Men egentlig var Jesus der hele tiden. Løftet som Jesus gav sin menighet da han ble tatt opp i himmelen; «eg er med dykk alle dagar så lenge verda står», gjelder. Både i Betania hos søstrene og andre steder hvor mennesker har følt seg gudsforlatt. Han er ekstra nær de som lider og er i sorg, så nær at vi ikke kan skjelne ham fra lidelsen. Jesus smakte selv fortvilelsen og avmakten. På korset ble Jesus forlatt og følte seg forferdelig alene. Langfred-ag minnes vi det. Han ropte etter Gud. Hvorfor har du forlatt meg? Han ropte uten å få svar. Han lå selv, som Lasarus flere dager i graven før han steg ut av den og inn i det evige livet.

Det er derfor det gir håp og mening i det meningsløse når Jesus erklærer; «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr.» Oppstandelsen og livet det kunne han ikke bli uten først å smake døden og ligge i graven. Den allmektige ble avmektig før han viste sin makt.

Fortvilelsen og sorgen blir ikke borte her i livet. Jesus avverget ikke lidelsen. Han gikk inn i den og delte den med oss før han vant over død og grav. Derfor kan han si «Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy.» Dette gav håp i Betania i familien til Lasarus. Og fortsatt skaper disse ordene håp hos mennesker. Jo Herre, du har vært her. Amen.

*Runar Matusi-Li, sokneprest i Høyanger og Kyrkjebo*

# Nye fjes i staben i Balestrand

I førre nummer stod det om endringar i kyrkjestaben og kyrkjelydsbladet kan no informere om ny kyrkjelydspedagog, kyrkjetenar og organist i Balestrand.

Prost Kjetil Netland er diverre sjukemeld, og vi skriv litt om vikarsituasjonen.

## Magni Åm Risa ny kyrkjelydspedagog i Balestrand etter Rut Solveig Netland



I gudstenesta 27. august vart Rut Solveig Nydal Netland takka for tenesta som kyrkjelydspedagog i nesten fire år i Balestrand. Som gåve fekk ho eit av Bjørg Bjøberg sine bilete av Tjugum kyrkje.

Som nemnt i førre nummer fekk Rut Solveig Nydal Netland tilbod om full stilling i kommunen og sa opp stillinga som kyrkjelydspedagog frå etter påske. Ho jobba med trusopplæring både i Vik og Balestrand i 50 prosent stilling, men i samråd med Vik vart stillinga no delt opp og lyst ut i kvar kommune for seg.

Stillinga som kyrkjelydspedagog i Balestrand er på 25 prosent, og Magni starta 1. august 2017. Ho har budd i



Soknerådsleiar Helge Ulvestad ynskjer Magni velkommen som ny kyrkjelydspedagog i Balestrand og les opp tenestebrev frå biskop Halvor Nordhaug.

Balestrand i oppveksten, og etter fleire år i Bergen mm flytta ho attende til heimbygda i 2003 i lag med familien. Jobben i kyrkja kombinerer ho med deltidstilling som norsklærer på Sygna.

I gudstenesta 27. august i Tjugum kyrkje vart Magni ynskt velkommen i den nye jobben: Tenestebrev frå biskopen vart lese opp, og diakon Kjersti Brudvik leia ei forbønshandling ved altaret. Magni er godt i gang med tenesta og har hatt seksårssamling før utdeling av 6-årsbok, vore med på babysong, T-dag med Addis med 28 born til stades og planlegging av Ung Messe i engelsk-kyrkja 15. september i lag med ungdommar frå Sagatun og Sygna. Balestrand kyrkjelyd ynskjer henne velkomen og Guds signing over tenesta.



Diakon Kjersti Brudvik leia gudstenesta 27.august. Fem av seksåringane viser her fram den flotte barnebibelen dei fekk. I samlinga på førehand hadde dei snakka om å vekse og mognast – og om ulike biblar for babyar, småborn, skuleborn og vaksne. Bibelen er den same, men ein får lære meir etter kvart som ein veks til.

## Nykyrkjetenar: Fisseha Andemichaiel

Fisseha Weldeyohannes Andemichaiel jobbar no som kyrkjetenar i alle kyrkjene i Balestrand. Fisseha har budd i Balestrand i fem år og har kone og fire søner her. Han har vore med på opplæring sidan mai månad i samråd med NAV og byrja så i 25 prosent stilling frå 1. juli. Av di jobben no inkluderer både tenestene i Sæle kyrkje og alle gravferder, vil han avlaste kyrkjevevja som før har



teke desse tenestene på timebasis på toppen av kyrkje-verjestillinga. I Eritrea jobba Fisseha som byggeleiar / formann i bygningsbransjen med overordna ansvar for dei ulike handverkargruppene ved bygging av til dømes kontorbygg og skular.

Språket kan nokre gonger vere ei utfordring, men Fisseha har kome godt inn i den kyrkjelege terminologien. Han gjer teneste ved både gudstenester, vigslar og gravferder og arbeidsoppgåvene inkluderer mellom anna ringing med kyrkjeklokkene, reinhald i kyrkjer og kyrkjestove, koking av kyrkjekaffi, styring av lydanlegg og vaktmeisteroppgåver.

## Jorunn Høines - frå organist til lærar

Organist Jorunn Andrea Høines vart tilsett som organist i Balestrand 1.august 2015. Ho har vore ute i permisjon i samband med fødsel, og permisjonen vart utvida over sommaren 2017. Ho er utdanna lærar, og då ho frå hausten 2017 fekk tilbod om full stilling som lærar på Sagatun skule i Balestrand sa ho opp stillinga som organist gjeldande frå oktober 2017. Soknerådet ynskjer å takke henne for den flotte jobben ho har gjort i kyrkjelysten og vil ha ei takkemarkering i laupet av hausten.

## Ole Agnar Helland - frå prest til organist

Ole Agnar Helland er frå oktober 2017 fast tilsett som organist i Balestrand i 30 prosent av full stilling. Etter at han slutta som prest i Vik 1.mai 2017, vart han engasjert som organistvikar medan Jorunn hadde uløna permisjon. Ole Agnar har veksla mellom å jobbe som prest og organist gjennom åra, og han synest det høver greitt å avrunde med ei deltidsstilling i Balestrand. Ole Agnar bur i Vik. Velkommen i tenesta!



Kyrkjetenarjobben i Balestrand inkluderer også friluftsgudstenester med frakting av utstyr og instrument. Her sørgjer kyrkjetenar Fisseha W. Andemichael for at organistvikar Ole Agnar Helland kan gjere jobben sin på Stølsberg 18. juni.

## Prost Kjetil Netland er sjukemeld

Kjetil vart sjukemeld i starten av juni 2017. Han har fått ein kreftdiagnose, men god behandling gjev han von om å vere attende i arbeid ein gong sommaren 2018. Kjetil understrekar at han kjenner seg svært godt vareteken av helsetenesta her i Balestrand og av sjukehusa. Vi vil oppmode om å vere med i forbøn for Kjetil og familien.

## Vikarar i proste- og presteteneste



Born frå nærområdet til Sæle kyrkje var særskilt inviterte til gudstenesta der 24.september. Diakon Tore Brudvik leia gudstenesta og fortalde om då Jesus lækte ein døv mann som hadde vondt for å tala.

Jermød Hausberg, som dei siste åra har jobba som sokneprest i Aurland, har gått inn som konstituert prost i Sogn prosti denne perioden. Han har erfaring frå stillinga som prost i Indre Sogn prosti frå 2002 til 2011. Vi er glade for alle som steppar inn og tek gudstenester og gravferder medan Kjetil Netland er sjukemeld. I sommar var det frå før avtala med student Ole Kristian Hamre som sommarvikar. Lokalt har diakonane våre, Kjersti Brudvik og Tore Brudvik gått inn og teke heile tre gudstenester kvar. Presten Åge Mundal var på ferie i Fjærland og tok tre gudstenester (og ei gravferd), og Høyangerpresten Runar Matsui-Li tek fem gudstenester og fleire gravferder hjå oss. Leikangerpresten Vegard Bondevik Lie er peika ut til geistleg medlem i Balestrand sokneråd og han er også kontaktperson ved behov for prest i Balestrand (sjå telefonliste s.2). Gravferder vert avtala frå gong til gong. Det som står att å avklare i år er gudstenestene i advent og jule- og nyttårshelga. På Helsetunet har Kjersti Brudvik og Ole Agnar Helland samlingar kvar andre til tredje veke fram til jul. Ole Agnar har nattverdsamlingar, medan Kjersti har andaktar og songsamlingar med Ole Agnar på tangentar. Jan Herland har besøksdagar nokre av vekene det ikkje er andakt.

Konfirmantarbeidet er også presten sitt ansvar. Her er kyrkjelyden glade for ei god løysing der Sygna-lærarane Gunn Berit Bøthun og Laila Vang tek ansvar for konfirmantundervisninga i perioden Kjetil er sjukemeld, sjå s.23.



*Frå høgtidsgudstenesta pinsedag 2017 i Hyllestad kyrkje som var ved Audun Systad og Kjetil Netland. Foto: Aslak Sognnes*

## Pinsetur til Hyllestad

1. pinsedag, 4. juni, sette kyrkjelydane i Hyllestad og Balestrand kvarandre stemne, og bakgrunnen var invitasjon frå Kari og Audun Systad. Det er alt to år sidan Audun slutta i prestetenesta her hos oss, men om banda som er knytte kunne fornyast, så ville det kjennast godt. Balestrand songlag var også med, og tilsaman var me over tretti som tok turen utover.

Me møttest til gudsteneste i Hyllestad kyrkje. Det er godt å merka fellesskapet når ein samlast slik. Kyrkje-rommet er ope og lyst, og møbleringa fungerer invit-

erande. Videoskjermen verkar ikkje dominerande og fell greitt inn med eldre inventar. Det er tydeleg at ombygginga frå 2012 har vore godt planlagt og gjennomført.

Songlaget, dirigert av Bjørg Bjøberg og akkompagnert av Laila Vang på piano, gav oss vakker og vel avstemt song. Det er underleg kor korsong kan koma på innsida hos lyttaren og skapa resonans for budskapen. For oss gjestar var det atkjennande å møte vår tidlegare prest - det var tydeleg at Audun har blitt teke godt imot i Hyllestad - men me vil gjerne tru at vitjinga vår heller ikkje var



*Franziska Rüttimann var ein engasjert og dyktig guide i Kvernsteinsparken. Foto: H. Eilifsen*



*Etter gudstenesta var det invitert til kyrkjekaffi kring bord bak i kyrkja. Foto: Aslak Sognnes*

til tyngsle. Preika var det prosten som sto for, og Kjetil Netland var inspirert då han løfta fram preiketeksten for pinsdag. «Ta imot Den heilage ande» står det i Joh. 20,22. Han peika på at verdas lengste fjord, det 350 km lange Scoresby Sound på Aust-Grønland, har fått namn etter William Scoresby (1789-1857), som både var kvalfangar og oppdagar.

Kvalfangarsesongen 1817 vart eit vendepunkt. Han hadde kristen litteratur med seg og las for mennesket på sundagen. Og han opplevde at første kongebok hadde ein viktig bodskap: «Kor lenge vil de halta til begge sider? Er Herren Gud, så hald dykk til han, og er Baal Gud, så hald dykk til han.» For Scoresby vart det naturleg å ikkje la seg fanga av utbyttet kvalfangsten gav, men heller å la Herren få større råderom. At han framleis hadde interesse for Arktis, var ikkje til hinder for at han studerte teologi og vart forkynnar og prest. Kva med oss, lyttar me etter Guds veg? Er me vakne for dei oppgåver som blir lagt i vår veg?

Under kyrkjekaffien fekk me god kontakt med folket der ute. Etter gudstenesta sto kvernsteinsparken på programmet, og det var greitt å ikkje koma der på tom mage. Men før me fór dit, gav Jostein Ryland, som hadde stått i bresjen for ombygginga, ein grundig gjennomgang av arbeidet som var gjort.

Han forklarte at dei gjerne ville ha eit fleksibelt kyrkjerom, men òg at sjølve bygget trong vedlikehald og opprusting. No er det lagt inn golvvarme, det er gjort bygningsmessige endringar både bak i skipet



*Nærbilete av bergarten hyllestadkvernsteinen er teken frå - glinsande glimmerskifer med mineralkorn av granat. Foto: H. Eilifsen*



og framme i koret. Og med lause stolar opnar det for variert bruk av kyrkjerommet. Han la òg vekt på at den store dugnadsinnsatsen kunne takast som eit teikn på at fornyingsprosjektet hadde røta seg i bygdefolket.

I kvernsteinsparken kjem me tett på forhistoria. Før poteta vart ein viktig del av kosthaldet, var korn viktigare enn i dag. Og skal kornet koma til nytte må det malast. Ein god kvernstein er kjenneteikna av at sjølve steinen er ein mjuk bergart, men at han innheld harde mineralkorn. I hyllestadsteinen er det harde granatkorn som ligg i mjuk glimmerskifer. Franziska Rüttimann, som viste oss rundt, fortalde at kvernstein med kvarts er svært uheldig, då det resulterer i at kvartskorn i mjølet gir stor tannslitasje.

Ho gjekk kort gjennom korleis kvernsteinen har vore nytta i ulike kulturar. Dei runde steinane blir kalla dreiekverner og overtok etter skubbekverna. Forsking tyder på at dreiekverna vart oppfunne i Spania. Historia kan vera motsetnadsfull, noko funnet i Alverstraumen i Nordhordland er eit døme på. Det som i si tid må kan ha vore ei stor ulukke, gir oss i dag innblikk både i storeksport av kvernstein og korleis dei ferdige kvernsteinane såg ut.

For i 1990 kom ein der over ei skipslast på 505 kvernsteinar. Ein har funne kvernsteinar frå Hyllestad både i Danmark og Sverige, og det har blitt tatt ut kvernstein over ein lang tidsperiode. Produksjonen har vore størst frå vikingtida og fram til reformasjonen i 1536.

Etter vitjinga i kvernsteinsparken fekk me god mat på Storelia. Det var godt å koma innomhus etter at paraplyar og regntøy hadde vore i bruk.

Turen vart avslutta med kaffi og kaker hjå Audun og Kari, sjå framhald på side 20.



# Kommunesamanslåing medfører samanslåing av fellestråda i Balestrand, Sogndal og Leikanger

**Ut frå kyrkelova § 5 skal det vere berre eitt kyrkjeleg fellestråd i kvar kommune. Ved samanslåing av Sogndal, Leikanger og Balestrand til ein kommune vil dette medføre ny organisering i kyrkja, og Balestrand sokneråd sine fellestrådsoppgåver knytt til økonomi og tilsette, kyrkjer og kyrkjegardar vil verte overført til eit nytt kyrkjeleg fellestråd i den nye kommunen, som vert etablert 1.1.2020.**

Dette vil medføre ei omfattande omstilling for den kyrkjelege verksemda og omfattar både fellestråd, sokneråd, tilsette, folkevalde, brukarar og andre samarbeidspartnarar. Ein samanslåingsprosess for kyrkja har mange fellestrekk med prosessen kommunane må gjennom, sjølv om det er i mindre skala. Noverande fellestråd er eigne juridiske einingar som må leggjast ned, og ei ny juridisk eining må etablerast. Det er dermed snakk om ei verksemdsoverdraging der det nye fellestrådet må inngå nye kontraktar og avtalar med alle partar og tilsette.

Når det gjeld kyrkja, er det berre to einingar som skal slåast saman, sidan Sogndal og Leikanger friviljug slo seg saman for nokre år sidan og danna Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd. Slik det i kommunane er valt ei kommunal fellestrådnemnd er det etablert ei kyrkjeleg fellestrådnemnd med to representantar frå kvar av einingane, ein geistleg medlem valt av biskopen og ein representant valt av kommunal fellestrådnemnd. Kyrkjeverja i Sogndal er tilsett som prosjektleiar og det er søkt midlar frå kommunal fellestrådnemnd til gjennomføring av

samanslåingsprosjektet inkludert løn til prosjektleiar. Møte- og talerett i fellestrådnemnda er gjeve til kyrkjeverja i Balestrand, assisterande kyrkjeverje i Sogndal og ein tilsettrepresentant som er valt av og representerer alle dei tilsette i dei tre kommunane. Sjå oversyn over medlemene på neste side.

Fellestrådnemnda har fått vide fullmakter i samband med samanslåinga: Avgjerder knytt til organisering og lokalisering, samansetjing av nytt fellestråd, fastsetjing av nye reglement og avtalar, tilsetjing av kyrkjeverje i den nye kommunen osv. Fellestrådnemnda skal berre ha ansvar for det som gjeld samanslåinga, og Balestrand sokneråd vil framleis ha ansvar for all dagleg drift (rekneskap, budsjett, tilsette, vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar) fram til samanslåinga trer i kraft.

Balestrand sokneråd vert eit av seks sokneråd i det nye fellestrådsområdet: Kaupanger, Stedje, Norum, Leikanger, Fjærland og Balestrand. Når Balestrand sokneråd mistar fellestrådsfunksjonen vil rådet verte eit «vanleg» sokneråd att. Sokneråda skal i fylgje kyrkelova «*ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet*» og skal slik fokusere på t.d. trusopplæring, undervisning, diakoni og gudstenesteliv. Kvart av sokneråda skal ha representantar i det nye fellestrådet, men Balestrand sokneråd har spela inn at samansetninga også bør reflektere den tidlegare kommunestrukturen.

Kommunesamanslåinga vil tre i kraft frå 1.1.2020, men vi bør vere i mål med planarbeidet ved årsskiftet 2018. Grunngevinga for dette er at det er kyrkjeval hausten 2019, og at nominasjonsprosess og anna valarbeid startar ved årsskiftet 2018-2019. Då bør dei som stiller til val få vite rammene for samanslåinga og kva dei vert valde til.



Sidan Sogndal og Leikanger allereie er samla med eit fellesråd har dei gjort seg nyttige erfaringar frå tilsvarande arbeid. Kyrkjevevja i Sogndal, Jorunn Merete Haukås-Eide som var prosjektleiar også den gongen, held fram at det er mykje arbeid med ein slik prosess, men at dei til dømes hadde gode erfaringar med å involvere dei tilsette frå starten.

Arbeidet er i gang, og 5. september var alle kyrkjeleg

tilsette i dei tre kommunane inviterte heim til prosjektleiaren på Slinde. Den 13. september var dei to fellesråda samla til felles møte på Leikanger, og fellesnemnda hadde der sitt første møte med konstituering og fastsetjing av møteplan. Kyrkjelydsbladet vil halde lesarane oppdaterte etter kvart som fellesnemnda jobbar, og informasjon vil også verte lagt ut på heimesida.

*Tekst Jostein Risa*

## Kyrkjeleg fellesnemnd ved samanslåing av Balestrand, Sogndal og Leikanger

*AU=Arbeidsutval i fellesnemnda*

| <b>MEDLEMER</b>              | <b>Verv i fellesnemnda</b>                              | <b>Verv lokalt</b>                                                                                                  |
|------------------------------|---------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Björg Anda                   | leiar + AU                                              | Nestleiar Sogndal og Leikanger kf<br>Leiar i Leikanger sokneråd                                                     |
| Helge Ottar Ulvestad         | nestleiar + AU                                          | Leiar i Balestrand sokneråd (=fellesråd)                                                                            |
| Kjell Olav Høstaker Nordheim | geistleg representant + AU                              | Sokneprest i Stedje og Kaupanger sokn<br>Geistleg repr.i Sogndal og Leikanger kf<br>Geistleg repr i Stedje sokneråd |
| Per Hilleren                 | medlem                                                  | Leiar Sogndal og Leikanger kf<br>Nestleiar i Stedje sokneråd                                                        |
| Tore Magnus Brudvik          | medlem                                                  | Medlem i Balestrand sokneråd<br>Leiar i diakoniutvalet i Balestrand                                                 |
| Øivind Sjøtun Fagermoen      | repr frå kommunal fellesnemnd                           | 1. vara Balestr (H) i komm. fellesnemnd<br>Kommunestyremedlem Balestrand (H)                                        |
| Jorunn Merete Haukås-Eide    | prosjektleiar og sekretær + AU                          | Kyrkjevevje i Sogndal og Leikanger                                                                                  |
|                              |                                                         |                                                                                                                     |
| <b>VARAMEDLEMER</b>          | <b>Verv i fellesnemnda</b>                              | <b>Verv lokalt</b>                                                                                                  |
| Margot Ryssdal               | Varamedl Balestrand                                     | Medlem i Balestrand sokneråd                                                                                        |
| Einar Skeie                  | Varamedl Sogndal og Leikanger                           | Nestleiar i Kaupanger sokneråd                                                                                      |
| Jermod Ove Hausberg          | Vara geistleg representant                              | Konstituert prost i Sogn prosti<br>Sokneprest i Aurland                                                             |
| Gunnhild Bøyum               | Vara repr kom. fellesnemnd                              | 3.vara Sogndal (H mfl) komm. fellesnemnd<br>Kommunestyremedlem Sogndal (H)                                          |
|                              |                                                         |                                                                                                                     |
| <b>MØTE OG TALERETT</b>      | <b>Verv i fellesnemnda</b>                              | <b>Verv lokalt</b>                                                                                                  |
| Jostein Risa                 | Møte- og talerett + AU                                  | Kyrkjevevje i Balestrand                                                                                            |
| Magny Ugulsvik Bukholm       | Møte- og talerett +AU                                   | Ass. kyrkjevevje i Sogndal og Leikanger                                                                             |
| Arild Slinde                 | Møte- og talerett<br>Tilsettrepr i nytt, felles adm.utv | Kantor i Stedje<br>Områdetillitsvald (?)                                                                            |
| Magni Åm Risa                | Møte og talerett<br>Vara tilsettrepr i felles adm.utv   | Kyrkjelydspedagog i Balestrand                                                                                      |

# Tiltak for instrumenta i Tjugum kyrkje

## Trekk og klimaanlegg for flygel i Tjugum er på plass

Etter tilråding frå pianostemmar er det kjøpt inn trekk og klimaanlegg til flygelet i Tjugum kyrkje. Flygelet vart gjeve til kyrkja som ei gåve, og vi ynskjer å ta vare på instrumentet. Klimaanlegget ligg innunder flygelet og tilfører fukt dersom lufta vert for tørr og varme dersom det vert for fuktig. Lysdiodar gjev melding ved behov for påfylling av vatn. Eit formsydd trekk ligg på flygelet når det ikkje er i bruk. Med desse tiltaka vonar vi å klare oss med årleg stemming og slik spare pengar på sikt.

## Innkjøp av organistvarmar

Det vart i vår tinga ein liten stråleomn (godkjend for kyrkjer) til Tjugum kyrkje. Denne vert festa på vegg under orgelkrakken og varmar opp lokalt når organisten skal øve. Ein vil slik kunne spare pengar på sikt ved å sleppe å varme opp heile kyrkja når organistar skal øve på vinterstid.



## Gratis stemming av orgelet i Tjugum kyrkje

Organist (og komponist) Robert Newton frå England var på ferie i Balestrand og vitja Tjugum kyrkje ein gong organist Ole Agnar Helland øvde der. Han tilbaud seg då å sjå over og stemme kyrkjeorgelet dersom det kom ein regnversdag. Robert Newton har tilsyn med fleire kyrkjeorgel i området der han bur og hadde m.a. stemt orgelet i Salhus utanfor Bergen tidlegare. I ein periode med store behov for vedlikehald av tak og vindauge har orgelvedlikehaldet måtta forskyvast, og vi takka ja tilbodet om stemming, som kom som ei velsigning.

Siste måndagen i august var grå nok til at han sette i gang med ein fleire timars jobb i Tjugum kyrkje. Han hadde med seg Joakim Bang Larsen som assistent, og han spela tone for tone medan Newton stod mellom pipene og stemde. I tillegg til stemming, reparerte han også fleire koplingar i orgelet som har vore dårlege. Ole Agnar var òg med i kyrkja og har seinare meldt at orgelet lét merkbart betre etter stemminga og ikkje minst at alle koplingane no fungerer som dei skal.

Som takk fekk Newton ei jubilumsbok frå Tjugum og eit takkekort der han vart invitert til å halde orgelkonserter dersom han skulle kome att til Balestrand ved eit seinare høve. Soknerådsleiar har vore i kontakt med han i etterkant, og det kan verte aktuelt med ein konsert til neste år,





# Nytt frå Kvamsøy kyrkje

## Status for restaurering av kyrkjeskipet

I eit tidlegare blad stod det om kyrkjeskipet frå Kvamsøy kyrkje frå ikring år 1700, som var sendt inn til restaurering hjå NIKU i lag med nokre gamle måleri som opphavelig hang i eit tidlegare privat gravkammer i tilknytning til kyrkja. Arbeidet var bestilt av Riksantikvaren, men er sett på vent i påvente av juridiske avklaringar: Det kom klager på at dette arbeidet (og andre tilsvarende jobbar) ikkje var lyst ut offentleg jf. lov om offentlege innkjøp. Uansett reknar vi med å få skipet og måleria attende i kyrkja til sommaren att.

## Forprosjekt på altartavla i Kvamsøy kyrkje

Den 29-30. august var to konservatorar frå Norsk Institutt for Kulturminneforskning (NIKU) på synfaring



i Kvamsøy kyrkje. Dei har prøvd ut ulike materialar og metodar for festing av laus måling og reinsing av altertavla, som har vorte svært skiten gjennom åra. Dei er eigentleg glade for at ingen har gjort noko med tavla før, fordi mange altartavler har vorte skada etter behandling av ufaglærte. Ut frå rapporten dei skriv med tilråding til framgangsmåte mm, vil Riksantikvaren avgjere om og eventuelt når det kan bli eit større prosjekt med reinsing og restaurering av altartavla.



## Konfirmantfest for 2017-konfirmantane på Nessane

I år hadde halvparten av konfirmantkullet på seks tilknytning til Sæle kyrkje, og konfirmantfesten vart halden i Nesse sambrukshus 23.april, etter samtalegudstenesta i Sæle kyrkje. Soknerådsleiar Helge Ulvestad var kjøkensjef og laga betasuppe, som fekk mange lovord av dei førti frammøtte. Kjetil Netland leia festen, og tre fjorårskonfirmantar i lag med Ole Gunnar frå Sygna hadde leikar. Tre av desse hadde òg vore med som leiarar på konfirmantleiren på Alværa i januar. Soknerådsmedlemer var på kjøkenet og stilte med kaker. Ole Gunnar spela flott, sjølvkomponert musikk på piano, og det vart synt bilete av konfirmantane og nokre av deira kontaktpunkt med kyrkja gjennom åra frå dei var små.



# Nytt frå kyrkjetårnet



## Nye klokkarar i Sæle og Tjugum

I Sæle har det ikkje vore fast, frivillig klokkarteneste før, men frå november har Hallbjørg Eidhamar og Hege Beathe Bugge sagt ja til å gå inn i denne tenesta i tidlegare Kvamsøy sokn.

I Tjugum har Ole Eilifsen sagt ja til å gå inn i klokkarteamet i Tjugum etter at Arnborg Grinde slutta. Ole er oppvaksen i Balestrand og har kome attende etter å ha teke utdanning. Han jobbar no som IT-leiar på Sygna. Etter mange år med berre kvinnelege klokkarar er det kjekt å få ein ung mann med i klokkartenesta.

## Uttale om situasjonen for konvertittar

Etter medieoppslag om handsaminga av enkelte konvertittar, engasjerte soknerådet seg i deira situasjon ved å sende ei fråsegn til Utlendingsnemnda (UNE) og Utlendingsdirektoratet. Konsekvensar for ein konvertitt som vert send heim att til eit land utan (reell) trusfridom, kan vere alvorlege, med forfølging og straffesanksjonar. Mellomkyrkjeleg råd har engasjert seg i dette gjennom fleire år, og soknerådet sende fråsegna i samråd med dei.

Det vart i uttalen peika på at alle punkta i avtalen mellom regjeringa og KrF (som vart inngått for å styrke sakshandsaminga i slike saker) må fylgjast opp i praksis. Soknerådet peika også på at kvar sak er unik, og at det difor bør hentast inn sakkyndige vitneutsegner i kvar enkelt nemndsak for å vurdere truverdet.

I eit svar frå utlendingsnemnda vart det orientert om at det nyleg (for første gong) har vore gjennomført dialogmøte mellom UNE og ulike kyrkjelyder og trudomssamfunn. Dette er ei oppfølging av punkt 2 av avtalen nemnt over. Dei opplyste også at UNE i mai vart instruert av departementet om å fylgje opp punkt 4 i avtalen: Å opprette eit ressursutval for konvertittsaker som kan konsulterast i saker der det sentrale tvilsspørsmålet er om ei oppgjeven konvertering er reell. Det er lagt opp til at nemndleiar avgjer om dette er naudsynt. Det er her soknerådet i samråd med Mellomkyrkjeleg råd peikar på trongen for ein sakkyndig uttale i alle slike saker.

## Møteplassen

Det har kome fleire flyktningar til Balestrand i år og Kafe Møteplassen har framleis ei rolle å spele som ein stad å møte kvarandre - for alle som bur i Balestrand. Kafeen er open frå 17.00-20.00 kvar måndag med diakonimedarbeidar Louise Nilsson som ansvarleg og hyggeleg vertskap. Stikk gjerne innom du også!

## Hjartestartar på Tjugum

Tjugum Esefjorden grendelag tok i 2016 initiativ til å kjøpe inn ein hjartestartar og sende førespurnad til Balestrand sokneråd om å få plassere hjartestartaren i eit lokale i tilknytning til kyrkja. Balestrand sokneråd synest det er svært positivt å kunne ha ein hjartestartar lett tilgjengeleg i samband med arrangement i kyrkja og kyrkjestova og støtta innkjøpet med 3000 kroner. Fleire bedrifter/foreiningar har også bidrege, men grendelaget tok den største kostnaden.

Hjartestartaren er no plassert på personaltoalettet / reservetoalettet i bårehuset ved parkeringsplassen og dette rommet vil stå ope slik at hjartestartaren alltid skal vere tilgjengeleg til å redde liv. Det tyder også at besøkande på kyrkjegarden har tilgjenge til eit toalett. Rommet er merka med eit hjarte på døra og plasseringa er med dette kunngjort.



## Kyrkjelydsbladet - ny distributør frå og med jula 2016

Det har kome nokre telefonar frå personar som ikkje har fått bladet etter oppstart med ny distributør (dei same som distribuerer aviser). Dersom du høyrer om personar som ikkje har fått bladet, set vi pris på å få melding om kva adresser dette gjeld, slik at vi kan gje konkret respons til distributøren.



# Misjonsavtale med NMS frå hausten 2017

**Balestrand sokneråd har vedteke å inngå misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap. Du kan vere med og påverke val av prosjekt i soknemøte i Tjugum kyrkje 19. november.**


Balestrand kyrkjelyd har lenge hatt misjonsengasjement. Lyden har fleire periodar støtta misjonærar med tilknytning til Balestrand, og i 2007 vart det inngått misjonsavtale med Den norske Israelsmisjon sin messiansk kyrkjelyd i Romania (evangelisering og diakoni blant jødar og andre).

I løpet av ti år har Balestrand kyrkjelyd gjeve 110.000 kr fordelt på 40 offer til prosjektet!

Soknerådet såg det no naturleg å starte nytt prosjekt, og etter å ha vurdert ulike organisasjonar valde det 11. mai å opprette avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) frå hausten 2017.

For å spare administrasjonskostnader er misjonsavtalane i NMS no knytt til land/områdog ikkje til mindre enkeltprosjekt.

Kyrkjelydane har i utgangspunktet sju alternativ: England, Estland, Etiopia, Mali, Midtausten, Thailand eller Madagaskar. I møtet 13. juni avgrensa soknerådet valet til to land/ prosjekt: Mali eller Midtausten. Rådet ynskte så å involvere kyrkjelyden ved å kalle inn til soknemøte med informasjon og høve til innspel før endeleg vedtak i desember. Møtet er ope for alle, men dersom det vert røysta over noko, har berre medlemmer i kyrkja røysterett.



## SOKNEMØTE i Balestrand sokn

Det vert med dette kalla inn til soknemøte etter gudstenesta i Tjugum kyrkje

**sundag 19. november kl. 11.00**


**Tema: Misjonsavtale med NMS. Val av prosjekt.**

Misjonær og misjonskonsulent Ingvald A. Frøyen frå NMS (tidlegare ungdomsprest i Førde) vert med oss denne dagen, først med preike i gudstenesta og så i soknemøtet med informasjon om dei to aktuelle misjonsprosjekta og kva som ligg i ein misjonsavtale med NMS.

## Kort presentasjon av dei to prosjekta:

### Mali

**Stikkord: Å gjere Jesus kjent blant fulanifolket. Å kjempe mot omskjering av jenter.**



Evangeliserande og kyrkjelydsbyggjande arbeid. Omsetjing av Bibelen til fulani. Samarbeid med lokale helsearbeidarar. Leksehjelp og utdanningsstipend. Familien Netland har bakgrunn som misjonærar i Mali. Ingvald Frøyen, som bur i fylket, er pendlarmisjonær til Mali. Det er ein uroleg og ustabil situasjon i Mali for tida.

### Midtausten

**Stikkord: Å gjera Guds kjærleik synleg på TV. Å gjera Bibelen tilgjengeleg for små og store. Å gje kvinner tru på seg sjølv.**



Mediearbeidet når svært mange i heile Midtausten, som elles er vanskelege å nå. Personar som tek kontakt etter å ha fått med seg sendingar, kan få tilsendt bøker og biblar som oppfølging. Bibeldistribusjon i Egypt. Gjennom kurs/retreat og sosiale medium å arbeide blant kvinner råka av trakassering og overgrep

**Ein kan finne meir informasjon om prosjekta på heimesida til NMS. Gå inn på [nms.no](http://nms.no), vel «Menighet» i menyen øvst til høgre og så «Ressurser til Misjonsavtalen».**

# Gir misjon endring?

## Var det slik at misjonærane sine haldningar og verdiar vart pådytta andre mot deira vilje eller førte evangeliet til positive endringar?

På 1800-talet vart fleire av dei kjende norske misjonsorganisasjonane stifta, t.d. Det Norske Misjonsselskap i 1842, Den Norske Santalmisjon (no Normisjon) i 1867, Det Norske Lutherske Kinamisjonsforbund (no Norsk Luthersk Misjonssamband) i 1892. Mange misjonærar har reist ut, og Madagaskar, India og Kina og er kjende misjonsland. Men kva resulterte misjonsarbeidet i? Var det slik at misjonærane sine haldningar og verdiar vart pådytta andre mot deira vilje eller førte evangeliet til positive endringar?

Den amerikanske sosiologen Robert Woodberry har forska på dette. Som student vart han gjort merksam på ei mogeleg kopling mellom protestantisk misjonsverksemd og demokratiutvikling. Men han vart også åtvara - mange har stilt kritiske spørsmål til misjon - ville då eventuelt positive funn få gjenklang? Men han lét seg ikkje skrema, derimot gjorde han eit grundig arbeid som har gitt ny kunnskap.

For å kopla geografisk lokalisering og mogeleg utvikling i ulike land registrerte han dei geografiske koordinatane for tidlegare misjonsstasjonar, han reiste utanlands for å leita i ulike arkiv, og han tok kontakt med fagpersonar i andre delar av verda. På dette viset fekk han eit omfattande grunnlagsmateriale. Særmerkt for arbeidet er den grundige statistiske analysen. Den gjorde at han kunne han fanga opp dei store linjene og bli merksam på årsakssamanhengar mellom misjonsverksemd og utvikling.

Woodberry illustrerer gjerne funna sine ved å visa til historiske hendingar, og det som gjekk føre seg på slutten av 1800-talet i det sentrale Afrika gir oss god innsikt i mekanismane.

Leopold II av Belgia var godt førebudd til Berlinkonferansen i 1884-85 der Afrika vart delt mellom kolonimaktene. Han hadde arbeidd både langsiktig og strategisk og skapt rom for sine ambisjonar. I litteraturen blir det antyda at drivkreftene bak desse kan vera mennesket sin hang til stadig å vilja ha meir. I alle høve enda det for Leopold sin del med at han fekk Kongo som privat

koloni (1885-1908) og byrja straks ei brutal utplyndring av landet. I første omgang var elfenbein ein lukrativ gesjeft, men mot slutten av hundreåret vart naturgummi det viktigaste produktet. Kongolesarane vart tvinga ut i urskogen for å tappa saft av slyngplanten *Landolphia*. Landsbyar vart pålagt kvotar, og dersom dei ikkje vart levert, kom straffereaksjonane: landsbyar vart brende, folk vart piska, og mange vart myrda. Det var då færre som kunne ta seg av det daglege arbeidet som skulle gje mat. Ein åker korkje sår eller haustar seg sjølv, ein får heller ikkje mat utan at nokon lagar han til. Dette resulterte i eit utarma folk. Sjukdom fekk betre tak, t.d. koppar og sovesykje. Under den mest intense perioden med gummisafttapping fall fødselstalet markert. Og i boka, *Schatten über dem Kongo*, viser forfattaren, Adam Hochschild, til kjelder som seier at folketalet truleg vart halvert i perioden 1880-1920. Den første folketeljinga er frå 1924, og den gav talet ti millionar. Då skjønar me at det er vonde hendingar det er tale om.



*Sosiologen Robert Woodberry har forska på tilhøvet mellom protestantisk misjonsverksemd og demokratiutvikling*

I arbeidet med å skapa ein opinion mot dette skrekkveldet gjorde mange stor innsats, her kan nemnast skipsagenten E. D. Morel, som var stasjonert i Antwerpen, den britiske diplomaten Roger Casement, som sjølv undersøkte tilhøva i Kongo og det britiske misjonærketeparet Alice og John Harris. Alice Harris er kjent for fotografia ho tok. Mange av kongolesarane har avkappa hender, noko som illustrerer den brutale framferda til Leopolds private militærstyrke, Force Publique. Etter kvart vart det skapt så sterke opinionsrørsler i USA og England at Leopold vart tvinga til å overføra kolonien til den belgiske staten.

Men poenget til Woodberry er at slik det var i Fristaten Kongo, slik var det òg i Fransk Ekvatorial-Afrika, landområda vest for Fristaten Kongo. Dette var fransk koloniområde, og franske styresmakter var ikkje velviljug innstilt til misjonsverksemd. Dermed vart dette ein fransk bakgard, og Woodberry har berre funne ein





*Ein svensk misjonær viser kor fortvilande det kunne vera for kongolesarar som kom i nærkontakt med vaktstyrkane til kautsjukselskapa. Fotografi teke av Alice Harris kring 1904. (Anti-Slavery International / Autograph ABP)*

einaste kritisk avisartikkel i ei fransk avis der dette vart omtala.

American Political Science Review er eit prestisjetungt tidsskrift og nett der vart i 2012 artikkelen «The Missionary Roots of Liberal Democracy» publisert. Kva er så hovudbodskapen til Woodberry?

Det syner seg at det er tydelege koplingar mellom protestantisk misjonsverksemd og framveksten av demokrati. Det er ikkje rett at protestantiske misjonærar som var utsendt av misjonsorganisasjonar, arbeidde på parti med kolonimakta. Men det motsette finn ein ofte. Skulle bodskapen om syndstilgjeving og frelse få resonans, måtte misjonærane vera uavhengige av makthavarane og vinna tillit hos dei lokale.

For Martin Luther var det eit viktig poeng at den ein-skilde skulle kunna lesa Bibelen på eige morsmål, og kan ein ikkje lesa og skriva, så må det lærast. Er ikkje språket som blir tala eit skriftspråk, ja, då må det skriftleggjerast. Nett dette er nøkkelen til dei mekanismane som har vore

verksame. Når folk har blitt lese- og skrivekyndige, kan dei lesa både Bibelen og annan litteratur. Ein konsekvens av dette er at det blir danna organisasjonar som er uavhengige av styresmaktene - ein viktig føresetnad for ei demokratiske utvikling.

Woodberry listar opp ei rad følgjer av protestantisk misjonsverksemd: Både gutar og jenter får utdanning. Trykksaker og trykkeriverksemd blir vanleg. Land som har hatt protestantisk misjonsverksemd har jamnt over ei betre økonomisk utvikling enn område utan slike impulsar. Ein legg også merke til at korrupsjonen ikkje bit seg like fast i desse områda som i andre.

Dette er gode nyhende for alle som har engasjert seg i misjonsarbeid. Den gode bodskapen blir forkynt slik at menneske kan bli sett fri samstundes som det er eit gode for samfunnsutviklinga.

*Tekst: Helge Eilifsen*



# Vårdugnader på kyrkjegardane

Det var dugnader på alle kyrkjegardane i kommunen i vår. Soknerådet vil med dette takke alle som møtte fram og bidrog med tid, innsats og utstyr!



## Ekstradugnad på Sæle laurdag 1.4

Rydding av greiner med fliskuttar etter førre ryddedugnad i «skogholtet» attmed parkeringsplassen. Reidar Sæle stilte med fliskuttar på traktor.



**Sæle 19.4:** Heilt ny port i hjortegjerdet bak reiskapshuset på Sæle (for tilgang med gravemaskin/traktor). Fjerning av buskar som hadde vakse seg for store langs vegane ned til kyrkja. Fjerning av gravminne frå graver som ikkje skulle festast vidare. Det har òg vore fleire dugnader med rydding av tre på kyrkja sitt areal attmed parkeringsplassen.







**Tjugum 25.4:** Reingjering og pussing av den store messinglysekrona frå 1722. Både stillas og talje måtte til for å få den tunge lysekrona sikkert ned. Raking av lauv og greiner på dei fleste gravfelte. Klipping av rododendron rundt gravfelt D, som nyleg er teke i bruk mm. Måling av andre strøket på den nye porten til kyrkjegarden ved kyrkjestova. Lidal køyrde bort hageavfall med lastebilen.



**Kvamsøy 12.5:** Fekk rydda bort gamle gravsteinar som i mange år har lege både langs, på og utanfor kyrkjegardsmuren. Dugnadsgjengen rydda også to rotvelta tre og stussa nokre av buskane på kyrkjegarden.

## Vedlikehald kyrkjer sommaren 2017

Balestrand sokneråd har valt ei bygningsutval som består av soknerådsleiar Helge Ulvestad, Harald Tjugum, Hans Olav Dale, kyrkjevevjerje (Jostein Risa) og kyrkjjetenar (Fisseha W. Andemichaiel). Utvalet har hatt fleire synfaringar og sette opp prioritert liste over naudsynt vedlikehald og laga framlegg til framdriftsplan for dei neste åra. Det vart påpeika fleire presserande behov som gjekk ut over årets budsjett og etter søknad løyvde Balestrand kommune 34.000 kr ekstra til årets vedlikehald ved sin budsjettrevisjon. I laupet av sommaren har dette vore utført:

### Tjugum kyrkje

- \* Takslusene på det åttekanta taket på Tjugum var slitne og måtte takast før det gjekk hol. Desse er no reparerte og måla.
- \* Fire av dei sju store vindaugo i Nordveggen på Tjugum (med mange vindaugsruter) er restaurerte med kitting, nye glasaruter ved behov og måling. Desse har vore svært dårlege med vassinntrenging på grunn av manglande kitt og måling. Vindaugo i sørveggen var tekne i fjor. Resten må takast i 2018.

### Sæle kyrkje

- \* Dei store vindaugo oppe i sørveggen i Sæle kyrkje har vore i svært dårleg stand, noko som har vore påpeika i fleire rapportar over mange år. Desse er no er kitta på nytt og måla. Fleire av vindaugo må takast dei komande åra.
- \* Fleire rotne vindskeier på taket er bytte ut.
- \* Dei tre dørene, dei brune vegglistene og takutstikket over inngangen i vestveggen er måla. Denne veggen var sist måla i 2002 (før jubileet i 2003) og særleg det brune var svært målingslite.
- \* Ei roten utvendig søyle i sør-austre hjørne må bytast ut med ei ny i laupet av hausten.

Arbeidet har vore godt utført av Lidal Vedlikehold og Service AS. Tømrar Harald Tjugum har teke på seg jobben som står att med søyla på Sæle.

*Dei karakteristiske borgevindaugene vil også etter ombygginga prega fasaden.*



## Bedehuset i Holmen

Sentrum i Balestrand, Holmen, er stadig i endring - helst til det betre. Nokre av bygga har alderen på si side og fortel om det som var. Nytt kjem til, og med reislivsmuseet ikkje berre bygg, men òg oppjustert veg. Bygga langs denne korte vegen gir fin kopling mellom gammalt og nytt. Går me oppover der, er me straks ved bedehuset, som snart har stått der i hundre år, noko bygningsstilen

òg viser. Borgevindaugene vitnar om at huset var meint å tola mange år - sikker stilsans står seg. Og bak fasaden har mykje endra seg, og meir kan det bli.

Bedehuset er sjølveigande og vedlikehald såleis lokalt ansvar. Opp gjennom åra har det vore gjort utbetringar og endringar, men trass det måtte ein for nokre år sidan gjera eit val. Skulle huset moderniserast eller litt etter litt gå ut av bruk? På årsmøta vart det ofte peika på at utgiftene ville bli store, men potensialet til bygget var ein òg klar over. Og i dag gleder ein seg over at ein tok tak.

Bedehustomten er berre litt større enn sjølve huset, men med velviljuge naboar har ein fått maksimal utnytting av eigdommen. Bergknausen på baksida vart skoten ut i 2013, og året etter var ein i gong med grunnmur, og hausten same år var golvet støypt. Påbygget fekk tett tak våren 2015, og i løpet sommaren hadde ytterveggane fått to strøk maling.

Vidar Heier har vore den snikkarkyndige og har hatt kontakt med ingeniørfirma, slik at bjelkar har fått naudsynte dimensjonar og ingen veggar pressa ut av stilling, og har sytt for sikker måltaking når varer skal tingast. Mange har også delteke på tilpassa dugnad, og heile tida med det for auga at arbeidet må gjerast fagmessig. Ut på sommaren 2016 var nytt kjøken på 16 m<sup>2</sup> ferdig. Med benkeplater rundt veggane i tillegg til over- og underskåp er arbeidstilhøva på det nye kjøkenet markert betre enn på det gamle. Til julebasaren 2016 var også utvidinga av storesalen ferdig.

På nemnde julebasar var det igjen fullt hus og no var både hovudsal, vetlesal og tilbygg i bruk. Etter planen som var lagt, skulle likevel vetlesalen byggjast om til



*Frå monteringa av skyvedørene: F. v.: Erland Fagermoen, Kristian Kyrvestad, Kjell Helland, Trond Kråvik og på stillaset Vidar Heier.*





*Ingen som er på bedehuset er i tvil om at bygget snart er 100 år. Fotoet syner teksten over inngangsdøra til hovudsalen.*

gang, bøttekott og toalett. Det ville resultera i at utbygginga ikkje ville gi større forsamlingsal, men klårt betre fasilitetar. Sjølv om planen var gjennomarbeidd, vil ikkje det seia at han ikkje kunne forberast. På initiativ frå Frode Bøthun gjekk ein gjennom han på nytt. Etter rev- idert plan skal tilbygget på sørsida fornyast og innhalda både gang og WC. Og med ny romløyning i det som blir trapperom etter ombygginga, er vetlesalen redda. Tala kasseraren, Erland Fagermoen, legg fram på årsmøta avspeglar at medlemmene og andre støttespelarar ønskjer oppgradert og utvida hus. I vår kom såleis faldeveg- gen mellom hovudsal og nybygg opp. Berre denne kosta 120 000 kroner, dobbelt så mykje som kjøkenet, og per september 2017 er dei totale utlegga til ombygginga 1,1 mill. kroner. Men kasseraren melder at det stadig er pen- gar på kontoen, og det er inspirerende for alle. Inntek- tene skriv seg særleg frå kollektar på møte og gåver. Enno står mykje arbeid att, men når ein er innom huset ser ein at det er store endringar og at ein er kome langt. Over inngangsdøra står det: «Bedehuset Betel 1919». Det hender Erland peikar mot det og seier at målet må vera å bli ferdig til 2019. Det er motiverande å arbeida mot eit mål, men arbeidet er stort. I alle høve står det minste att når ein skriv 2019.

*Tekst og foto: Helge Eilifsen*



*Vidar Heier og Erland Fagermoen monterer dei siste golvplatene på gamlekjøkenet som mellom anna skal gi plass til toalett og bøttekott.*

## Torild samlar på kyrkjer

Torild Granhaug har spesielle samlarinteresser og er nok blant dei som har reist mest rundt om i heile Noreg. No er det kyrkjeinventar som står på agendaen hennar og olsok kom ho eins ærend til Balestrand for å få fotografert Kvamsøy kyrkje.

Det byrja med at ho som tenåring ville vitje alle norske fylke. Dette gav meirsmak, og sidan samla ho og mannen kommunevåpen ved å vitje alle norske kommunar – som oftast med den vesle bubilen sin. Den gongen var det 448 kommunar og i perioden 1993-1997 samla ho også stempel frå alle 2148 norske postkontor, inkludert Svalbard! Så lenge mannen hennar levde, hadde dei også med seg ein lirekasse som samla folk kvar dei kom.

Også kyrkjene våre fanga Torild si interesse og samlarinstinkt. Kyrkjeleksikonet ho byrja med, lista opp over 1900 av dei, men nye har kome til, og ho har totalt fotografert og dokumentert nesten 2000 vigsla kyrkjebygg på handskrivne lister.

For Torild heldt det likevel ikkje med bilete av kyrkjene utvendig. Ho starta difor på ein ny runde for å få teke bilete av alle kyrkjene innvendig og har til no vore inne i over 1200 av kyrkjene våre! Tjugum og St. Olavs kyrkje var kryssa av på lista tidlegare, men Kvamsøy er blant kyrkjene som ikkje er så lett tilgjengelege.

Torild kjem frå Rødberg i Buskerud, men om sommaren bur ho på hytta i Kongsberg. Då ho fekk nyss om olsok- gudstenesta i Kvamsøy, kom ho eins ærend over fjellet og fekk i same slengen fotografert Sæle kyrkje. Vi takkar for besøket og ynskjer henne lukke til vidare på kyrkjeferd i heile landet!

*Tekst og foto Jostein Risa*



*Torild Granhaug har vitja alle kyrkjene i Noreg. I sommar vart ho også intervjuet i NAF-bladet Motor, og på motor.no kan du søkje på namnet hennar og lese meir om Torild sine mange reiser i landet vårt.*

|                                                                                                                                                                                                             |                                                                                                                                                                                                                                                                               |                                                                                                                                                                                                                       |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p><b>VI ER HER.<br/>ALLTID.</b></p> <p> <b>KIRKENS<br/>SOS</b></p> <p><b>22 40 00 40</b></p>                              | <p><i>Ytre Sogn graverdsbyrå A/S</i></p> <p></p> <p>Hjelp til alle tenester ved dødsfall</p> <p><b>GRAVMONUMENT - SKRIFTHOGGING</b></p> <p>Døgnvakt telefon:<br/>577 14 700 / 959 86 000</p> | <p><b>Balestrand Taxi</b></p> <p>S-113<br/>mobil 959 56 113</p> <p>S-116<br/>mobil 959 56 116</p>                                                                                                                     |
| <p><b>TAXI Frankén</b></p> <p>mob. 959 86 000</p> <p><b>Turbussar</b><br/>Vi tilbyr også 10- og 17-setars<br/>bussar med plass til rullestol<br/>samt store turbussar<br/>med 49 seter.</p>                 | <p></p> <p><b>Nummedal</b><br/>Graverdsbyrå as</p> <p>Yter all hjelp ved dødsfall og gravferd.<br/>Døgnvakt telefon: 57 69 57 55</p>                                                        | <p><b>VIK ELEKTRO</b></p> <p>Rune Målsnes<br/>6893 VIK I SOGN</p> <p>TV - Kvittevarer<br/>Solskjerming - Glasservice</p> <p><b>Mobil: 906 16 260</b><br/>E-post: rune@vik-elektro.no<br/>www.vik-elektro.no</p>       |
| <p></p> <p><b>Balholm Auto AS</b><br/>Holmamyrane<br/>6899 BALESTRAND</p> <p>Godkjend bilverkstad<br/>Tif. 57 69 11 13</p> | <p></p> <p><b>Sogn</b><br/>gravferdshjelp</p> <p>Telefon heile døgnet: 57 68 14 77</p> <p><small>Kjell Grønli, Ingar Husum, Hege Urnes, Hans Magne Kvåle.</small></p>                       | <p></p> <p><b>HARALD TJUGUM</b><br/>Dragsvik 17<br/>6899 Balestrand<br/>M: 911 28 133</p>                                          |
| <p><b>XL BYGG RØYRVIK BYGG &amp; BETONG</b></p> <p><b>FAGHANDEL INNEN<br/>TRELAST OG BYGGEVARER</b></p> <p>Telefon: 57 69 65 60 / 955 55 138</p> <p>Avd. Balestrand Ytre Ese 5, 6899 Balestrand</p>         |                                                                                                                                                                                                                                                                               | <p></p> <p><b>Sognekraft</b><br/>- set krefter i sving</p> <p>www.sognekraft.no - P.b. 3, 6891 Vik i Sogn - post@sognekraft.no</p> |



Frå Sørbovågen hos Kari og Audun Systad. Sjølv om me var mange, fekk alle sitjeplass. Foto: H. Eilifsen

#### Framhald frå s. 7

Etter ei triveleg matøkt sto siste post på programmet for tur: Kaffi og kaker hos Kari og Audun inne i Sørbovågen. Det var knapt eit stol eller krakk som var unytta, men på det viset fekk alle plass i same rom. Og songlaget hadde meir i ermet, «Her ser eg fagre fjord og bygder» klang godt.

Og soknerådsleiar Helge Ulvestad hadde alle med seg då han takka for måten me hadde blitt tekne imot. Felles opplevingar bind saman, og det var fint å få vera deltakar på denne kyrkjelydsturen.

Tekst: Helge Eilifsen

PS! Det vert no lagt opp til gjenvisitt frå Hyllestad kyrkjelyd til Balestrand i pinsa 2018.



# I GLEDE OG SORG

## Døde

27.02.2017 Klara Nessestrand f. 25.05.1921.  
Gravferd frå Sæle kyrkje 07.03.2017.  
(I førre blad stod det diverre feil gravferdskyrkje)

24.04.2017 Nils Målsnes f. 15.04.1925.  
Gravferd frå Tjugum kyrkje 05.05.2017.

01.05.2017 Katrin Petzsche f. 22.03.1972.  
Gravferd frå Tjugum kyrkje 09.05.2017.

02.05.2017 Bjørg Edith Dale f. 20.04.1938.  
Gravferd frå Tjugum kyrkje 12.05.2017.

07.05.2017 Reidar Geithus f. 27.12.1955.  
Gravferd frå Tjugum kyrkje 16.05.2017.

03.06.2017 Magny Tjugum f. 19.09.1923.  
Gravferd frå Tjugum kyrkje 10.06.2017.

05.06.2017 Georg Urtegård f. 13.03.1923.  
Gravferd frå Tjugum kyrkje 13.06.2017.

19.08.2017 Agnar Bjarne Tennefoss f. 05.11.1939.  
Gravferd frå Sæle kyrkje 25.08.2017.

21.09.2017 Harald Bjordal f. 28.03.1927.  
Gravferd frå Sæle kyrkje 29.09.2017



*Kyrkjene våre er viktige samlingsstader både i glede og sorg – også andre dagar enn søndagen. Biletet er frå gravferda til Agnar Bjarne Tennefoss i Sæle kyrkje fredag 25. august ved prest Åge Mundal. Foto: J. Risa*

## Vigde

Ida Istre og Kristian Andreas Sørensen  
13.05.2017 i St.Olafs kyrkje.  
Paret bur i Bergen.

Elisabeth Bøyum Solheim og Roger Jan Tefre  
17.06.2017 i Tjugum kyrkje.  
Paret bur i Førde.

Jannike Larsen og Geir Inge Bale.  
24.06.2017 i St.Olafs kyrkje.  
Paret bur i Naustdal.

Oda Løken og Nikolai Sundgot Sunde  
05.08.2017 i St.Olafs kyrkje.  
Paret bur i Sogndal.

## Døpte

Emilian Lillehaug Thorsnes  
16.04.2017 i Hyllestad kyrkje

Sigurd Sleire Ese  
frå Vik sokn  
30.04.2017 i Tjugum kyrkje

Mari Fossberg Thue  
25.06.2017 i Leikanger kyrkje

Benjamin Gjeraker Leander  
frå Fagerborg sokn, Oslo  
16.07.2017 i St. Olafs kyrkje (anglikansk gudst.)

Kasper Nyheim Johansen  
frå Sunde sokn, Stavanger  
30.07.2017 i St. Olafs kyrkje (anglikansk gudst.)


Frida Sofia Rendedal  
03.09.2017 i Tjugum kyrkje

Erling Menes  
15.10.2017 i Eide kirke (Nordmøre)

Hanna Sagevik  
15.10.2017 i Tjugum kyrkje

## Fargelegg!

Ver ikkje urolege!  
seier Jesus.



## Finn namn på 8 ting med hjul!

Åtte ting med hjul er gøymde inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover.

|   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| K | V | I | T | T | I | B | O | B | B |
| O | M | R | U | L | L | A | T | O | R |
| S | K | Y | B | O | A | R | D | R | M |
| K | A | L | L | I | F | N | U | G | O |
| O | M | P | A | P | A | E | L | G | P |
| M | O | S | K | I | K | V | A | L | E |
| S | K | A | T | E | B | O | A | R | D |
| I | S | K | D | A | I | G | O | M | P |
| S | Y | K | K | E | L | N | U | B | I |
| O | R | U | L | L | E | S | T | O | L |
| T | A | T | A | T | R | U | D | E | L |

– Pappa, er det sant  
at tante Magda syng for  
dei innsette i fengselet  
kvar søndag?  
– Ja, guten min. Det er  
ein del av straffa.

## Vitsar

Det vesle tusenbeinet  
hadde falle og slege hol  
på alle bukseknea sine.  
Men mor sette berre på  
ein tusenlapp.

## Finn 5 feil

Teikningar: Ziyue Chen

Jesus lærte folket om Gud.

Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



## Vi anbefalar barnebladet BARNAS!

Denne sida  
er henta  
frå bladet.

Bestill  
abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller **22 08 71 00**





# Konfirmantar i Balestrand 30. april 2017

Det var to konfirmasjonar i Balestrand 30. april 2017, i Tjugum kyrkje (tk) kl.10.00 og i Sæle kyrkje (sk) kl.12.00.

På biletet er alle konfirmantane samla i Sæle kyrkje ved samtalegudstenesta 23. april.

Frå Venstre: Prost Kjetil Netland, Aurora Beathe Nokken (sk), Markus Feten (tk), Børge Solvorn Sæle (sk), Tom-Rune Sæle (sk) Andrine Sværen (tk) og Viljar Alexander Isane (tk).

*Foto: J. Risa*



## Konfirmant 2018

Gunn Berit Bøthun og Laila Vang har ansvar for konfirmantundervisninga dette skuleåret når presten er sjukemeld. Dei er båe tilsette som lærarar på Sygna. Det er 11 konfirmantar, og undervisninga vert for det meste på bedehuset og i friluft. Foreldre deler på å bidra med mat til samlingane.

**Konfirmasjonsdag til våren vert helgetorsdag 10.mai 2018.**

Både konfirmantane (8 av 11) og konfirmanterlærarane vart presenterte gudstenesta 27.august i Tjugum kyrkje. Her fekk dei konfirmantheftet «Følg meg» og eit Nytestamente med plastomslag til bruk både inne og ute i konfirmasjonstida. (Foto: J. Risa)



Utgjevar/Avsender:  
Balestrand sokneråd  
Sjøtunsvegen 6  
6899 BALESTRAND

# Velkommen til gudsteneste

|                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
|---------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 29. okt, Bots- og bønedit       | SÆLE KYRKJE kl.17.00 Gudsteneste ved Runar Matsui-Li. Nattverd. Takoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband. Barnesamling under preika. Kyrjekaffi.                                                                                                                                                                                                                          |
| 9. nov, Torsdag                 | SYGNA VGS MØTESAL kl.20.00 Ung Messe ved Andreas Danbolt. Nattverd. Samarbeid med Sygna. Ungdom frå 8.klasse og oppover er særskilt inviterte. Kafé etter gudstenesta.                                                                                                                                                                                                      |
| 12. nov, 23. s. i treeiningtida | TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Tore Brudvik. Vi minnst dei døde det siste året som høyrde til Tjugum. Markering av søndag for dei forfølgde med takoffer til Stefanusalliansen. Barnesamling under preika. Kyrjekaffi.                                                                                                                                              |
| 19. nov, 24. s. i treeiningtida | TJUGUM KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Runar Matsui-Li og Ingvald Frøyen frå NMS (tale). Nattverd. Takoffer til Det norske Misjonsselskap. Barnesamling under preika. Kyrjekaffi.<br>NB! Soknemøte om val av misjonsprosjekt NMS etter gudstenesta. Misjonær og tidlegare ungdomsprest Ingvald Frøyen informerer før drøftingane. Sjå meir informasjon på side 13 i bladet. |
| 26. nov, Kristi Kongedag        | SÆLE KYRKJE kl.11.00 Gudsteneste ved Kjersti Brudvik. Takoffer til Lyngmo ungdomssenter. Barnesamling under preika. Kyrjekaffi.                                                                                                                                                                                                                                             |
| 10. des, 2. s. i advent         | TJUGUM KYRKJE kl.18.00 JULEKONSERT med lokale song- og musikkrefter. Andakt. Takoffer til det lokale kyrkjelydsarbeidet ved utgangen.                                                                                                                                                                                                                                       |
| 17. des, 3. s. i advent         | FJORDTUN OPPVEKSTSENTER kl.11.00 Gudsteneste. Takoffer til Søndagsskolen. Kyrjekaffi.                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
| 24. des, Julaften og 4.s i adv  | HELSETUNET kl.11.00 Gudsteneste.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| 24. des, Julaften og 4.s i adv  | SÆLE KYRKJE kl.14.00 Gudsteneste. Takoffer til Kirkens Nødhjelp.                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| 24. des, Julaften og 4.s i adv  | TJUGUM KYRKJE kl.16.00 Gudsteneste. Takoffer til Kirkens Nødhjelp.                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| 25. des, Juledag                | TJUGUM KYRKJE kl.12.00 Høgtidsgudsteneste. Takoffer til Den norske Israelsmisjon. Nattverd. Barnesamling under preika.                                                                                                                                                                                                                                                      |
| 31. des, Nyårsaften             | ST. OLAFS KYRKJE kl.23.15 Midnattsgudsteneste. Takoffer til Vener av St. Olafs kyrkje.                                                                                                                                                                                                                                                                                      |

**Atterhald om endringar jf. prestevikarar.**

**Oppdatert gudstenesteplan finn du alltid på nettsida [balestrand.kyrkja.no](http://balestrand.kyrkja.no)**